



Karoline Neset og resten av staben på festivalkontoret ordnar alt med verjeordninga.

På Festidalen er det 18 års-grense, men yngre er hjarteleg velkomne saman med verje med godkjent verjekontrakt. Det er lurt å ordna med verjekontrakt og tilhøyrande billettveksling på førehand. Då slepp ein kø. Dette kan ordnast på festivalkontoret i Gamleskulen frå fredag kl.13.

Det er viktig at alle som skal vera verje, set seg inn i dei plikter som følgjer med ordninga.

- Som verje vert akseptert edru person fylt 30 år, og/eller som er forelder til den mindreårige.
- Verja kan ikkje vere synleg rusa på Festidalen.
- Verja må legitimera seg og levera utfylt verjekontrakt ved inngang til Festidalen.
- Eit verje kan ha ansvar for maksimalt 2 mindreårige.
- Verja skal ha mobiltelefon med vibreringsfunksjon på under heile opphaldet på og ved Festidalen.
- Mindreårige og/eller verje som kjem rusa til Festidalen vil verta avvist.

Altså, frå festivalkontoret opnar fredag kl.13, kan ein få ordna alt tilknytta verjeordninga på kontoret i Gamleskulen. Det er smart for då slepp ein unna ein del køståing.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland